

### Fristar for rapportering

1. kvartal: 15. april  
 2. kvartal: 15. august  
 3. kvartal: 15. oktober  
 4. kvartal/heile året: 15. februar

Sendast til Landbruksdirektoratet

1. Rapporteringsperiode					
<input type="checkbox"/> 1. kvartal	<input type="checkbox"/> 2. kvartal	<input type="checkbox"/> 3. kvartal	<input type="checkbox"/> 4. kvartal	<input type="checkbox"/> Heile året	År

  

2. Opplysningar om den som rapporterer		
Namn		Organisasjonsnr. (9 siffer)
Adresse	Postnr.	Poststad
Kontaktperson		
E--postadresse		Telefonnr.

  

3. Avgiftsgrunnlag		
3.1	Pris ekskl. mva for kjøp frå produsent av norske varer som skal bearbeidast eller nyttast til framstilling av nærings- og nytingsmiddel for vidare sal.	kr
3.2	Pris for eigenproduserte varer som vert selde direkte til forbrukar eller detaljist.	kr
	<b>Sum avgiftsgrunnlag</b>	kr

  

4. Merknad

  

5. Underskrift	
Stad og dato	Underskrift

## Rettleiar til rapporteringsskjema avgiftsgrunnlag for forskingsavgift på vegetabiler og honning

Denne rettleiaren viser deg korleis du skal rapportere avgiftsgrunnlag for forskingsavgift på norskproduserte vegetabiler og honning.

### 1. Rapporteringsperiode

Kryss av for kvartalet rapporteringa gjeld for, og oppgi årstal. Dersom du rapporterer samla for heile året, kryssar du av for «Heile året», og oppgir årstal.

Er avgiftsgrunnlaget per kalenderår mindre enn 3 millionar kroner, kan du rapportere éin gong årleg. Det same gjeld dersom heile avgiftsgrunnlaget ditt tilhøyre 4. kvartal.

### 2. Opplysningar om den som rapporterer

Her fyller du inn informasjon om den som rapporterer. Den som rapporterer vil i dei fleste tilfeller vere eit føretak.

### 3. Avgiftsgrunnlag

Under dette punktet skal du føre opp det totale avgiftsgrunnlaget for perioden du rapporterer for.

**3.1** Feltet skal fyllast ut av føretak som er førstehandskjøparar av varer av vegetabilsk opphav og honning som skal tilverkast eller nyttast til framstilling av nærings- og nyttingsmiddel for vidare sal.

Fyll inn brutto fakturabeløp, dvs. pris ekskl. meirverdiavgift som føretaket har betalt produsent for innkjøp av varer av vegetabilsk opphav og honning. Utgifter til frakt, pakking, sortering, vasking, emballasje og liknande som inngår i fakturabeløpet skal ikkje trekkast frå.

**3.2** Feltet skal fyllast ut av produsentar av varer av vegetabilsk opphav og honning som sel desse varene i utilverka og eigentilverka form direkte til forbrukar eller detaljist.

Fyll inn prisen som må betalast for tilsvarande råvarer ved ordinært innkjøp.

### 4. Merknad

I dette feltet kan du oppgi merknader til rapporteringa.

### 5. Underskrift

I dette feltet skal du fylle inn stad, dato og underskrift for å stadfeste at opplysningane i søknaden er korrekte.

### Frist og innsending av rapporteringsskjema

Rapporteringsfristen er den dagen du seinast skal sende rapporteringsskjema til Landbruksdirektoratet. Dersom rapporteringsfristen fell på ein helge- eller heilagdag, kan skjemaet sendast inn første yrkedag etter rapporteringsfristen.

Rapporteringsskjema sender du til [postmottak@landbruksdirektoratet.no](mailto:postmottak@landbruksdirektoratet.no) eller per post til Landbruksdirektoratet, Postboks 1450 Vika, 0116 Oslo.

### Informasjon om forskingsavgift på vegetabiler og honning

Informasjon om forskingsavgifta finner du på nettsidene våre [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) under menypunkta Produksjon og marked, Frukt og grønt, Avgifter og Produksjon og marked, Andre, Honning.